

# Tur 6

## Vorlandssaga

Lengde: ca. 0,8 km

Tid: ca. 10 min.

Terreng: Veg + lett kupert skogsterreng

Ein tek av frå Andalsvegen like nord for Vevikvatnet, og går i aust - søraustleg retning på vegen mot lakseanlegget ved Hattasteidn. Eit stykke nedom stemma i Vevikvatnet tek ein av mot høgre, ned mot saga i ytre Vorlandsvågen. Her er ein fin badeplass med svaberg. Saga er bygd rundt 1860 og står i Vorland si utmark. Eigartilhøva har ned gjennom tidene fleire gonger vore skifta mellom Andal og Vorland. Bømlo Tur- og Sogelag har skifta tak og bordkledning, og har no sett saga i full brukbar stand. Sjølve saga måler 7,38 x 3,42 meter. Ved saga er det sett opp ein gapahuk med fastmonterte bord og benkar. For dei som kjem til saga med båt er det mulig å legge til ved ei flytebrygge med badetrapp.